



Tor Halvor Halvorsen
Keilevegen 137
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6960 - 18/13687

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
27.04.2018

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 125/10 Kjeilen

Kommunen har dessverre hatt manglande oppfølging av denne saka og vi ser oss leie for at attendemelding i saka kjem seint. Saka er likevel ikkje ferdig handsama hjå kommunen og vi må difor følgje opp saka vidare frå det som var status frå 2016.

Kommunen mottok søknad 27.06.16. Det vart sendt ut mangelbrev den 23.08.16 slik det går fram nedanfor under «mottakskontroll». Kommunen mottok seinare 2 e-postar den 28.09.16 med eit oversiktskart og eit brev i saka. Ingen av desse e-postane gjev informasjon slik det vart etterspurd i mangelbrevet av 23.08.16. Tiltaket er også under ulovlighetsoppfølging, men denne vart sett på vent mens søknad skulle handsamast. Framfor å avvise søknad som vart motteke 27.06.16 og ta opp att ulovlighetsoppfølginga vil vi istadenfor gje ein siste mulighet til å supplere søknaden med dei manglane som vart kommunisert i brev av 23.08.16.

Frist for å supplere søknad med manglane som går fram nedanfor er **15.06.18**. Dersom kommunen ikkje mottek supplerande opplysningar innan fristen vert søknad avvist og ulovlighetsoppfølginga teke opp att.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket og dispensasjonssøknad må nabovarslast på nytt sidan varsling føreteke i sak 14/5903 er gått ut på dato, eit nabovarsel har varigheit i 1 år jf. plan- og bygningslova § 21-3
2. Det må leverast inn målsett og situasjonsplan i rett målestokk (avstandar til bygningar og grenser skal påførast)
3. Det må det leverast inn målsette teikningar av kai, flytebrygge og landgang. Sjå vedlagt rettleier frå NKF.



4. Det må leggest fram skriftleg avtale som gjev rett til å etablere og vedlikehalde kai, landgang og flytebrygge frå grunneigar, signert og datert, utdrag frå rettsbok i jordskifteretten 02.10.1979 som vart sendt inn i sak 14/5903 gjev ikkje, slik vi kan sjå det, rett til å etablere omsøkte tiltak.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilleggsdokumentasjon - kart - gbnr 125/10 Kjeilen

Tilleggsdokumentasjon - førebels svar 28. september 2016 - gbnr 125/10 Kjeilen

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 12510 Kjeilen

Mottakarar:

Tor Halvor Halvorsen

Keilevegen 137 5953

FONNES

Tor Halvor Halvorsen

Kjeilevegen 137 5953

FONNES